



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtedato: 26.01.2017

Møtetid: 16:00 - 18:10

Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Karl B. Kollbotn (Frp)	Ingvild R. Bøgevik (Frp)

Andre som var til stades på møtet:

Tone Ramsli (Rådmann) under heile møte.

Hilde Lill Våge (assisterande rådmann) under heile møte.

Marianne Soleng (einingsleiar sørvisssenter) under heile møte.

Grete Lill Hjartnes (sektorleiar helse og omsorg) under utvalet sitt kvarter.

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland (Bl)
Møtesekretær:	Marianne Soleng

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p>Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• <u>Bibliotek</u> – Driftsbudsjet og tilskot nytt bibliotek.• <u>FV 48</u> - Omklassifisering av vegen• <u>Ekstraordinære utgifter</u> til barnevern – Informasjon om krav frå Bufetat. (unnateke offentlegheit §13- sendt ut pr. post til møtedeltakarane før møtet)• <u>Vest politidistrikt</u> - Avgjer om endringar i lokal struktur.• <u>Sals- og skjenkekонтроль</u> - samla oversikt 2016. <p>Assisterande rådmann Hilde- Lill Våge orienterte (på vegne av einingsleiar teknisk drift) om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• Status kunstgrasbane i Hagabotnane.• VVA-anlegg Bjørkheim.
---------------------------------	---

Spørsmål/interpellasjonar:	<p>Tilkopling til offentleg vatn og avlaup</p> <p>Martin Haugen (Bl) las opp interpellasjon med forslag om at det skulle utarbeidast ein strategiplan for arbeidet med tilkopling til offentleg vatn og avlaup Saker som allereie var starta opp skulle setjast i bero til ein slik plan var vedteken. Denne interpellasjonen vart fyrste gong v teken opp i kommunestyremøtet 17.11.2016.</p> <p>Martin Haugen (Bl) sette med dette fram følgjande framlegg til vedtak:</p> <p><i>«Det skal utarbeidast ein strategiplan med retningslinjer for Samnanger kommune sitt arbeid med å pålegga private om tilknytning til offentleg vatn og avlaup. Strategiplanen skal blant anna innehalde eit makstak, pålydande kr. 50.000, for kva ein kan forvente at innbyggjarane skal betale utanom påkoblingsavgift og abonnementsavgift ved pålegg om tilknytning. Strategiplanen skal og innhalde ei prioriteringsrekkefølgje på kva for områder som skal påleggast tilknytning. Saker der husstandar allereie har fått pålegg om tilkopling vert stilt til bero inntil strategiplanen er vedteken.»</i></p> <p>Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om sin gildskap då han er ein av dei som har motteke brev om tilkopling frå kommunen. Han har også sendt inn klage på pålegget. Representanten Røen gjekk ifrå medan kommunestyre behandla gildskapen hans. Anne Gerd Tandstad (Sp) tok plass i salen som vararepresentant. Øyvind Røen (Sp) vart samrøystes funnen ugild og deltok difor ikkje i den vidare handsaminga av interpellasjonen.</p> <p>Gunnar Bruvik (Frp) stilte også spørsmål om sin gildskap då dotter hans er ein av dei som har fått brev om tilkopling frå kommunen. Representanten Bruvik gjekk ifrå medan kommunestyre behandla gildskapen hans.</p> <p>Gunnar Bruvik (Frp) vart samrøystes funne ugild og deltok ikkje i den vidare handsaminga av interpellasjonen.</p> <p>Gunn Totland Moss (KrF) stilte også spørsmål og sin gildskap då dotter hennar, busett på Tysseland, er ein av dei som har fått brev frå kommunen. Representanten Moss gjekk ifrå medan kommunestyre behandla gildskapen hennar.</p> <p>Rådmann informerte om at oppsitjarane på Tysseland har sjølv bedt om å få kopla seg på det kommunale anlegget.</p> <p>Gunn Totland Moss (KrF) vart samrøystes funnen gild og tok plass i salen att.</p>
-----------------------------------	---

	<p>Olaug Øystese (A) stilte spørsmålet om sin gildskap då ho i dag får vatn frå brønn. Ho reknar med at også ho vil, på eit tidspunkt, få pålegg frå kommunen om å kopla seg til det kommunale anlegget. Ho har ikkje pr. dags dato motteke noko brev frå kommunen om dette.. Representanten Øystese gjekk ifrå medan kommunestyre behandla gildskapen hennar. Olaug Øystese (A) vart samrøystes funnen gild og tok plass i salen att.</p> <p>Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp svar frå assisterande rådmann på grunngjeve spørsmål (datert 29.09.2016) samt interpellasjonen. (Notatet ligg som vedlegg til protokollen)</p> <p>Det vart røysta over Martin Haugen (Bl) sitt framlegg til vedtak. Resultatet av røystinga vart som følgjer:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>For framlegget:</th><th>Imot framlegget:</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Knut Harald Frøland (Bl)</td><td>Nils Aadland (A)</td></tr> <tr> <td>Lena Tveit (Bl)</td><td>Brigt Olav Gåsdal (A)</td></tr> <tr> <td>Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)</td><td>Vidar Tveiterås (A)</td></tr> <tr> <td>Martin Haugen (Bl)</td><td>Olaug Øystese (A)</td></tr> <tr> <td>Solveig Vassenden (Bl)</td><td>Harald Boge (A)</td></tr> <tr> <td>Anne Gerd Tandstad (Sp)</td><td>Øyvind Strømmen (MDG)</td></tr> <tr> <td>Monica Tjønna (Sp)</td><td>Inge Aasgaard (KrF)</td></tr> <tr> <td></td><td>Gunn Totland Moss (KrF)</td></tr> <tr> <td></td><td>Arild Røen (H)</td></tr> <tr> <td></td><td>Sture Tveit (H)</td></tr> <tr> <td></td><td>Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)</td></tr> <tr> <td></td><td>Ingvild R. Bøgevik (FrP)</td></tr> <tr> <td></td><td>Odd Arne Haga (FrP)</td></tr> <tr> <td>Totalt: 7 røyster</td><td>Totalt: 13 røyster</td></tr> </tbody> </table> <p>Interpellasjonen frå Martin Haugen (Bl) vart ikkje vedteken.</p>	For framlegget:	Imot framlegget:	Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)	Lena Tveit (Bl)	Brigt Olav Gåsdal (A)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Vidar Tveiterås (A)	Martin Haugen (Bl)	Olaug Øystese (A)	Solveig Vassenden (Bl)	Harald Boge (A)	Anne Gerd Tandstad (Sp)	Øyvind Strømmen (MDG)	Monica Tjønna (Sp)	Inge Aasgaard (KrF)		Gunn Totland Moss (KrF)		Arild Røen (H)		Sture Tveit (H)		Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)		Ingvild R. Bøgevik (FrP)		Odd Arne Haga (FrP)	Totalt: 7 røyster	Totalt: 13 røyster
For framlegget:	Imot framlegget:																														
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)																														
Lena Tveit (Bl)	Brigt Olav Gåsdal (A)																														
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Vidar Tveiterås (A)																														
Martin Haugen (Bl)	Olaug Øystese (A)																														
Solveig Vassenden (Bl)	Harald Boge (A)																														
Anne Gerd Tandstad (Sp)	Øyvind Strømmen (MDG)																														
Monica Tjønna (Sp)	Inge Aasgaard (KrF)																														
	Gunn Totland Moss (KrF)																														
	Arild Røen (H)																														
	Sture Tveit (H)																														
	Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)																														
	Ingvild R. Bøgevik (FrP)																														
	Odd Arne Haga (FrP)																														
Totalt: 7 røyster	Totalt: 13 røyster																														
Utvælet sitt kvarter:	<p>Monica Tjønna (Sp) stilte følgjande spørsmål:</p> <p>Rentekompensasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Me er blitt kjent med, og dette vart stadfesta av statsråd Høie i stortinget 15. januar 2017, at regjeringa avviklar ordninga med rentekompensasjon til fornying av kommunale skuler og symjehallar. Skulevedlikehald er ei viktig sak også i Samnanger. Ordninga for både skular og symjeanlegg har nok vore viktige for kommunen</i> 																														

med tanke på å prøve å halda orden på vedlikehald og forfalne bygg.

Høie sa i Stortinget:

"Det aller viktigste kommunene kan gjøre for å ivareta de bygningene som de har investert i, er å ha et jevnt vedlikehold. Det er også viktig at ikke staten bidrar med ulike ordninger som belønner kommuner som ikke driver med et jevnt vedlikehold. Det vil trolig bare føre til at vi fortsatt er i en situasjon der kommunene lar viktige samfunnsinvesteringer forfalle over tid uten å holde dem ved like."

Det er neppe kun Samnanger som har ei slik historie, men avviklinga av rentekompensasjonen hjelper neppe kommunen til å ta att etterslepet.

Spørsmålet vart då:

Kva blir konsekvensen for Samnanger av at denne ordninga vart avvikla? Både med tanke på økonomi og tidsplan for å ta inn att etterslepet.

Rådmannen svara på dette spørsmålet. Samnanger kommune har fått litt i overkant av 6,4 mill. i rentekompensasjon for perioden 2009-2016. Desse midlane vart brukt opp i 2013. Med konsesjonspengar utgjer dette totalt om lag 11,8 mill. kroner. Husbanken har opplyst om at denne tilskotspotten no er tom.

Flyktningtenesta i Samnanger kommune.

- *Kva konkret gjer flyktningkonsulenten for å integrera flyktningane i kommunen?*
- *Korleis er kommunikasjonen mellom flyktningane og flyktningkonsulenten?*
- *Har han "ope" dør og er lett tilgjengeleg om nokon av flyktningane ynskjer å snakka med han?*
- *Har flyktningkonsulenten oversikt over kva aktivitetar og kva type arbeid/utdanning flyktningane dreiv med før dei kom til Samnanger, og er det mogleg å finna liknande aktivitetar og arbeide til dei her eller i nabokommunar?*

Grete Lill Hjartnes (sektorleiar for helse og omsorg) fortel om planar og om korleis flyktningtenesta i kommune arbeider samt om dei ulike utfordringane flyktningkonsulenten står ovanfor. Samnanger kommune har til no teke imot i alt 16 flyktningar, men planen er å busetja 20 stk. slik kommunestyret har

	<p>vedteke.</p> <p><u>Internkontroll</u></p> <p><i>Har kommunen internkontroll? Korleis blir dette gjennomført?</i></p> <p>Rådmannen orienterte om korleis ein gjennomfører internkontroll i Samnanger kommune og om dei ulike verktøya administrasjonen bruker i dette arbeidet.</p> <p>Brigt Olav Gåsdal (A) stilte spørsmål om ordføraren sitt innlegg på Facebook der ideen om «Samningadrift» - eit AS som skulle drifta dei kommunale vegane vart omtalt. Gåsdal meinte innlegget har skapt noko usikkerheit hos tilsette i kommunen, noko som er uheldig. Korleis vil dei tilsette verta involverte dersom desse tankane skal vidareførast? Kortid skal kommunestyret få uttala seg om saka?</p> <p>Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om ideane bak innlegget. Han forsikra om at dei tilsette vil spela ei aktiv rolle dersom dagens ordning skal sjåast på. Ordføraren meinte at bl.a. Facebook er eit forum der ein kan få fram lokaldemokratisk engasjement hos innbyggjarane våre.</p>
Dokument utlevert i møtet:	Ingen.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 13.02.2019

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/17	17/111	Faste saker	
002/17	11/175	Bufellesskap for funksjonshemma - vurdering av tomtealternativ	
003/17	15/860	Kommunale avgifter og gebyr - foreldrebetaling i Sfo i 2017	
004/17	16/929	Søknad frå Hardanger AKS a.s om kjøp av eigardelar i selskapet	
005/17	16/759	Låneopptak 2017	

SAKNR. 001/17
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

26.01.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-001/17 VEDTAK:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/17

BUFELLESSKAP FOR FUNKSJONSHEMMA - VURDERING AV TOMTEALTERNATIV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bufellesskap for funksjonshemma vert bygd på Skottabakken.

Det vert sett ned ein byggekomité der medlemmane i rådet for personar med nedsett funksjonsevne saman med ein representant frå brukarane, verneombod på Skottabakken, einingsleiar for funksjonshemma, ein representant frå teknisk drift og sektorleiar for helse og omsorg vert deltarar. Komiteen konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.

26.01.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette frå følgjande framlegg til vedtak:

«Bufellesskap for funksjonshemma vert bygd på Erikajordet og Skottebakken blir solgt til boligformål etter at dei funksjonshemma er flytta inn u nye bustader på Erikajordet. Fem millionar av salgsgevinsten skal brukast til tiltak for å etablere arbeidsplasser for dei funksjonshemma i nærområdet samt ymse sosiale tiltak som sydenferiar etc.

Det vert sett ned ein byggekomité der medlemmane i rådet for personar med nedsett funksjonsevne saman med ein representant frå brukarane, verneombod på Skottebakken, einingsleiar for funksjonshema, ein representant frå teknisk drift og sektorleiar for helse og omsorg vert deltarar. Komiteen konstituerer seg og rapporterer til formannskapet.»

Etter at kommunestyrerrepresentantane hadde diskutert saka ei god stund, vart det semje om å avbryta diskusjonen. Kommunestyrerrepresentantane røysta så over rådmannen sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Odd Arne Haga (Frp).

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For rådmannen sitt framlegg:	For Odd Arne Haga (Frp) sitt framlegg:
Nils Aadland (A)	Ingvild R. Bøgevik (Frp)
Brigt Olav Gåsdal (A)	Gunnar Bruvik (Frp)
Vidar Tveiterås (A)	Odd Arne Haga (Frp)
Olaug K. Øystese (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Inge Aasgaard (KrF)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønna (Sp)	
Totalt: 18 røyster	Totalt: 3 røyster

Rådmannen sitt framlegg til vedlegg vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

KS-002/17 VEDTAK:

Bufellesskap for funksjonshemma vert bygd på Skottabakken.

Det vert sett ned ein byggekomité der medlemmane i rådet for personar med nedsett funksjonsevne saman med ein representant frå brukarane, verneombod på Skottabakken, einingsleiar for funksjonshemma, ein representant frå teknisk drift og sektorleiar for helse og omsorg vert deltarar. Komitéen konstituerer seg sjølv og rapporterer til formannskapet.

SAKNR. 003/17

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR - FORELDREBETALING I SFO I 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Satsane for foreldrebetaling i SFO for perioden mars – desember 2017 er sett til:

Plasstype	2017
100 % plass kl. 07.00 – 16.30 5 dagar i veka	2 380
Kvar ettermiddag, dvs. kl. 14.00 – 16.30 4 dagar i veka og kl. 12.00 – 16.30 ein dag i veka	1 666
Kombinasjonsplass 3-dagarsplass morgen og ettermiddag	1 666
Morgen kl 07.00 – 08.30 alle dagar	955
Kombinasjonsplass – 2-dagarsplass morgen og ettermiddag	955

Ettermiddag 3 dagar i veka	1 025
Kjøp av enkeltdag	250
Kjøp av enkelttimar	110
Gebyr ved for sein henting (etter kl. 16.30)	495
Søskenmoderasjon : 30 % for 1. søsken og 50% for 2. søsken. Kan ikkje kombinerast med kjøp av enkeltdagar/-timar	

26.01.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) bad ,alt før handsaminga av saka hadde starta, om eit gruppemøte.

Etter gruppemøte sette **Arild Røen (H)** fram følgjande framlegg til vedtak:
 «Som rådmannens forslag men auken vert 4% i staden for 8%»

Framlegget til vedtak frå **Arild Røen (H)** vart samrøystes vedteke.

KS-003/17 VEDTAK:

Som rådmannens forslag men auken vert 4% i staden for 8%.

Satsane for foreldrebetaling i SFO for perioden mars – desember 2017 er sett til:

Plasstype	2017
100 % plass kl. 07.00 – 16.30 5 dagar i veka	Kr. 2295,-
Kvar ettermiddag, dvs. kl. 14.00 – 16.30 4 dagar i veka og kl. 12.00 – 16.30 ein dag i veka	Kr. 1610,-
Kombinasjonsplass 3-dagarsplass morgen og ettermiddag	Kr. 1610,-
Morgen kl 07.00 – 08.30 alle dagar	Kr. 920,-
Kombinasjonsplass – 2-dagarsplass morgen og ettermiddag	Kr. 920,-
Ettermiddag 3 dagar i veka	Kr. 990,-
Kjøp av enkeltdag	Kr. 238,-
Kjøp av enkelttimar	Kr. 107,-
Gebyr ved for sein henting (etter kl. 16.30)	Kr. 476,-
Søskenmoderasjon : 30 % for 1. søsken og 50% for 2. søsken. Kan ikkje kombinerast med kjøp av enkeltdagar/-timar	

SAKNR. 004/17

SØKNAD FRÅ HARDANGER AKS A.S OM KJØP AV EIGARDELAR I SELSKAPET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tidlegare vedtak knytt til kapitalutviding i Storeholmen VTA a.s vert omgjort til kjøp av eigardelar i Hardanger AKS as.

Det er ein føresetnad av at Kvam herad og Hordaland fylkeskommune kjøpar eigardelar i samsvar med førespurnad frå selskapet.

26.01.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) stilte spørsmål om sin gildskap då han set som nestformann i styre i aksjeselskapet Hardanger AKS.

Kommunestyret røysta over representanten Strømmen sin ugildskap. Strømmen vart samrøystes funnen ugild i saka, og gjekk ifrå medan kommunestyre handsama saka.

Det vart røysta over rådmanne sitt framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-004/17 VEDTAK:

Tidlegare vedtak knytt til kapitalutviding i Storeholmen VTA a.s vert omgjort til kjøp av eigardelar i Hardanger AKS as.

Det er ein føresetnad av at Kvam herad og Hordaland fylkeskommune kjøpar eigardelar i samsvar med førespurnad frå selskapet.

SAKNR. 005/17

LÅNEOPPTAK 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert tatt opp eit lån på kr 10 mill. kroner i 2017. Lånet skal delfinansiere kjøp av nytt bibliotek. Lånet skal betalast ned over 40 år.

26.01.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kommunestyrerrepresentantane diskuterte saka og det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For rådmannen sitt framlegg til vedtak:	Imot rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Nils Aadland (A)	Gunnar Bruvik (Frp)
Brigt Olav Gåsdal (A)	Odd Arne Haga (Frp)
Vidar Tveiterås (A)	
Olaug Øystese (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Inge Aasgaard (KrF)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	
Ingvild R. Bøgevik (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	

Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønna (Sp)	
Totalt: 19 røyster	Totalt: 2 røyster

Rådmanne sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

KS-005/17 VEDTAK:

Det vert tatt opp eit lån på kr 10 mill. kroner i 2017. Lånet skal delfinansiere kjøp av nytt bibliotek. Lånet skal betalast ned over 40 år.

